

Rutine når det oppstår smitte på skulen

Regjeringa har laga nye retningslinjer for karantene for barn som er nærkontakt i barnehage til ein som har blitt smitta av korona. Dei nye retningslinjene gjeld frå 16.08.2021.

Målet med dei nye retningslinjene er å redusere fråværet for barna som er nærkontaktar. Det har vist seg at risikoen for å bli smitta om ein er nærkontakt på skule eller fritidsaktivitetar er svært liten, 1-2 %.

Ønskjer du å lese meir om dei nye retningslinjene kan du lese på [Helsedirektoratet](#)

Retningslinjer for elevar som er nærkontakt i 1.-7. klasse (6-12/13 år)

- Eleven skal testast så raskt som mogeleg (første dag etter at smitten er kjent)
- Det blir tatt ein hurtigtest, testen blir teken frå fremre nase
- Eleven må vere i karantene til ein får svar på testen
- Svar på testen finn du ved å logge deg på [Helsenorge](#)
- Dersom testen er negativ treng kan eleven gå ut av karantene
- Eleven må ta ein ny test dag 3,4 eller 5 etter første test
- Andre testing blir gjennomført på skulen, kommunen set opp tidspunkt
- Eleven er ikkje i karantene meda ein ventar på svar på andre test, men blir sett i isolasjon om den er positiv
- Dersom hurtigtesten er positiv må denne følgjast opp med ein PCR-test ved Sys IKL, foreldre bestiller ny test, I påvente av svar er barnet i isolasjon og resten av familien er i karantene

Retningslinjer for elevar som er nærkontakt i 8.-10. klasse (13-16 år)

- Eleven skal testast så raskt som mogeleg (første dag etter at smitten er kjent)
- Det blir tatt ein hurtigtest
- Eleven må vere i karantene til ein får svar på testen
- Svar på testen finn du ved å logge deg på [Helsenorge](#)
- Dersom testen er negativ kan eleven gå ut av karantene
- Eleven må ta ein ny hurtigtest både dag 3 og 5 etter første test
- Andre og tredje testing blir gjennomført på skulen, kommunen set opp tidspunkt
- Eleven er ikkje i karantene medan ein ventar på svar på test dag 3 og 5, men blir sett i isolasjon om den er positiv
- Dersom hurtigtesten er positiv må denne følgjast opp med ein PCR-test ved Sys IKL, foreldre bestiller ny test
- Elevar i denne aldersgruppa må til saman ta 3 testar

Dersom familien ønskjer å følgje dei vanlege retningslinjer for barnet som er nærkontakt til ein smitta er det dette som gjeld:

- Blir kontakta av smittesporingsteamet i Sunnfjord kommune
- Bestille test ved testsenteret ved legevakta med det same det er kjent at eleven er nærkontakt
- Test kan du bestille [her](#)
- Karantene i 10 dagar frå siste kontakt med den som er smitta

- Kan ta ny test dag 7, er denne testen negativ kan eleven gå ut av karantene

Oppgåva til smittevernlege og smittesporingsteamet

- Smittevernlege får telefon når ein elev blir smitta
- Smittevernlege kontaktar Turi Bruland som er kontaktperson for skulesektoren
- Smittevernlege har kontakt med familien til eleven som er smitta
- Turi Bruland kontaktar skulen for å få opplysningar og organisere kommunikasjon med familiare til nærkontaktar
- Smittevernlege og Turi Bruland organiserer saman med testsenteret kor første testing blir gjennomført for nærkontaktar
- Testsenteret har ansvar for å gjennomføre testing
- Turi Bruland avtalar med testsenteret tidspunkt for andre og tredje testing
- Turi Bruland informerer skulen om tidspunkt for andre testing

Oppgåva til rektor

- Bistår Turi Bruland å få oversikt over kven som er nærkontaktar til den som er smitta
- Lage liste over elevar og tilsette som har hatt nærkontakt
- Sende melding gjennom Visma flyt skule til nærkontaktane
- Det som skal kommuniserast er:
 - At eleven har vore i nærkontakt med ein elev som er smitta
 - Kvar testing blir gjennomført
 - Kor tid det er ope for testing
- Skulen stiller med ein vaksen som kan organisere kø ved testing
- Andre og tredje test blir gjennomført i skulen
- Rektor må organisere eit rom med bord og 2 stolar som testing kan gjennomførast
- Svar på testane til eleven er basert på tillit, rektor får ei liste av Borghild Reiakvam slik at ein kan dobbeltsjekke

Standardtekst for melding som går ut til barn som er nærkontakt

Barnet ditt har vore nærkontakt til ein som er smitta i skulen. Barnet ditt må testast med hurtigtest og skal vere i karantene fram til det er kome svar på denne testen. Dersom du ønskjer å følgje vanlege retningslinjer for karantene melder du i frå til rektor.

Standardtekst for melding om møtestad for testing og tidspunkt

Hurtigtest for barnet ditt blir gjennomført (lokasjon) den XX.XX(dato) kl. XX:XX. Du møter opp og ventar i kø utanfor (lokasjon) til det blir din tur. Hugs å halde god avstand til andre som står i kø. Har du spørsmål kan du ta kontakt med Turi Bruland 57 81 61 31/482 20 108 eller rektor (namn) (tlf).